

MØTEBOK FOR VESTRE SLIDRE FJELLSTYRE

Sak nr: 13/2004

Møtedato: 5.2.04

Arkiv nr: 132

SØKNAD OM TILSKOT, STØLSVEGEN JOHME-SYNDIN

Stølsvegen Johme-Syndin søker om ekstra tilskot til anleggsarbeidet som vart utført i 2003. Fjellstyret gav i sak 20/02 kr 236.000 i tilskot til tiltaket. Tilskotet var berekna til 75% av kostnadsoverslaget utarbeidd av planleggar Lundberg.

Styret for stølsvegen har i brev datert 23.10.03 gjeve ei utgreiing om bakgrunn for at kostnadane med tiltaket vart større enn planlagt. Ved sidan av prisauke, vart det mellom anna gjort ein del utbetringar i tillegg som styret for stølsvegen meinte var nødvendig.

Fjellstyret førte inn krav om planlegging av veganlegg for å ha eit budsjett som ein kunne vurdere tilskot etter. Dette skulle vera ein lik standard og eventuell heving av vegstandard ut over dette må vera vegstyret sitt ansvar.

Fjellstyret har i mange år gjeve store tilskot til m.a. veganlegg. Dette har gjort til at det har vorte underskot i fleire år og eigekapitalen har kome ned på eit minimum. Fjellstyret må derfor redusere utgiftene og kan ikkje gi så mykje i tilskot som tidlegare.

VEDTAK:

Fjellstyret finn ikkje å kunne gi tilskot til dei ekstra utgifter stølsvegen har hatt med anleggsarbeidet. Bakgrunn for vedtaket er den økonomiske situasjonen til fjellstyret og at tiltak ut over godkjent budsjett i utgangspunktet ikkje blir dekkja.

Vedtaket er einstemmig.

Vestre Slidre fjellstyre den 11.2.04.

Harald Ranum
sekretær

Utskrift: Stølsvegen Johme-Syndin v/Kolbjørn Bjørnerud